

Innkalling til møte i felles programstyre for lektorutdanninga Møte 4 2025

Tidspunkt: 9. september 2025, kl. 09.00 – 11.00

Møtestad: Lektorsenteret, Christies gate 20

Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

II Godkjenning av protokoll frå møtet 12. juni

Protokollen er sendt ut.

Orienteringssaker

- Sak 37/25 Opptakstall og rekruttering for 5LU og PPU**
Notat frå lektorsenteret
- Sak 38/25 Opptak til fag 2 i ny modell og med nytt fagtilbod**
Notat frå lektorsenteret
- Sak 39/25 Studiestart i lektorutdanninga**
Munnleg orientering frå lektorsenteret
- Sak 40/25 Nye stillingar ved lektorsenteret**
Munnleg orientering frå lektorsenteret
- Sak 41/25 Nytt frå praksisutvalet**
Munnleg orientering frå lektorsenteret
- Sak 42/25 Nasjonal lektorutdanningskonferanse 13.–14. november 2026**
Munnleg orientering frå lektorsenteret
- Sak 43/25 Rammeplanarbeidet: Svar frå FRLU**
Notat frå lektorsenteret
- Sak 44/25 Budsjettinnspel for 2026**
Notat frå lektorsenteret
- Sak 45/25 Arendalsveka**
Munnleg orientering frå lektorsenteret

Drøftingssaker

- Sak 46/25 Høyringssak (KI og profesjonsutdanningar)**
Notat frå lektorsenteret
- Sak 47/25 Eventuelt**

Sak 37/25 Opptakstall og rekruttering for 5LU og PPU
Notat frå lektorsenteret

Orienteringssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga

Møte: 9. september2025

elements: 25/71

Opptakstal

Tala viser at tal på kvalifiserte søkarar og studentar som har møtt til femårig lektorutdanning (5LU) samla sett, har gått ned frå i fjor. For praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) har desse tala gått opp.

Oppmeldingsfristen er 1. september og tala som er vist til i saksframlegget kan ha endra seg litt ved møtetidspunktet.

5LU

- Lektorprogrammet i nordisk er det einaste programmet med auke i søknads- og opptakstal og fyller no 72% av studieplassane sine, mot godt under halvparten i fjor.
- For lektorprogrammet ved AHKR har det vore ein tilbakegang i søknads- og opptakstala. Historie er likevel faget med flest registrerte studentar av alle faga på 5LU, og har 16 fleire registrerte studentar enn studieplassar. Samla sett overopppfyller programmet studieplassane sine.
- Med unntak av spansk har alle faga i lektorprogrammet i framandspråk ein nedgang i opptakstala og fyller i dag ikkje alle studieplassane sine.
- Lektorprogrammet ved NT sine rekrutteringsutfordringar held dessverre fram og dei fyller no berre 35% av studieplassane sine.
- Lektorprogrammet i sosiologi har sidan oppstart hatt gode søknads- og opptakstal og har, som i fjor, 6 fleire registrerte studentar enn studieplassar.

Tabellen under viser informasjon om tal på studieplassar, søkarar og møtte studentar på alle 5LU-programma ved UiB dei siste fire åra. Tabellen viser ikkje informasjon om ev. ventelister.

Studie-program	Studieplassar		Kval.førsteprisøkarar				Tilbod				Møtt				Møtt av opptaksramma	
	2022	2023 - 25	2022	2023	2024	2025	2022	2023	2024	2025	2022	2023	2024	2025	2024	2025
LUHF	134	118	186	130	118	125	243	192	200	193	139	111	108	102	92%	88%
Engelsk	24	24	61	36	25	21	75	55	52	37	48	32	30	22	125%	92%
Fransk	4	4	1	1	3	3	2	1	5	4	1	1	3	2	75%	50%
Spansk	10	7	7	3	6	8	11	8	7	10	7	3	5	5	71%	71%
Tysk	4	4	1	2	2	3	5	2	2	3	1	2	2	1	50%	25%
Historie	28	28	85	68	56	52	76	91	101	84	38	50	44	44	157%	157%
Rel.vit.	25	22	12	6	12	8	46	16	16	18	22	10	12	7	55%	32%
Nordisk	39	29	19	14	14	30	28	19	17	37	22	13	12	21	41%	72%
LUSV	17	17	74	41	51	43	40	47	38	44	25	22	23	23	135%	135%
LUNT	40	40	44	34	30	24	63	52	37	30	35	38	22	14	55%	35%
5LU total	191	175	304	205	199	192	346	291	275	267	199	171	153	139	87%	79%

Tala i kolonnane for tilbod og møtt synleggjer ein praksis med, til dels kraftig, overbooking til enkeltfag.

PPU

I år kunne ein søke opptak til PPU med fullført bachelorgrad og minst to års relevant arbeidserfaring frå skulen. Dette unntaket frå krav om mastergrad gjeld til og med opptaket hausten 2029. Uoffisielle tal syner at det er 15 av årets PPU-kull som er registrert med bachelor som høgaste grad, dvs. at unntaket har hatt ein effekt.

- Ved PPU har fleire av didaktikkfaga fått ein auke i tal på registrerte studentar i år; biologi, engelsk, historie, matematikk, psykologi, samfunnskunnskap, spansk og tysk. Størst er auken for engelsk med 8 fleire studentar enn i fjor.
- Didaktikkfaga filosofi, fysikk, norsk, kjemi og religionsvitenskap har nedgang i registrerte studentar frå i fjor.
- Samfunnskunnskap og historie er framleis didaktikkfaga med flest studentar med høvesvis 19 og 15 registrerte studentar.
- Ingen møtte i kjemi.
- Geofag hadde sitt siste opptak i 2022.
- For KMD sine PPU-program er det ein auke i registrerte studentar på begge heiltidsstudia, medan det er ein liten nedgang på deltidsstudia.
- For den nyoppretta profesjonsmasteren i realfag med PPU er det registrert berre ein student.

Søknads- og opptakstal

Tabellen under viser informasjon om tal på søkarar og registrerte studentar på PPU, fordelt på fag/program, dei siste fire åra.

PPU -B2:N31 Opptaksprog	Kvalifisert førsteprisøkarar				Tilbod				Møtt			
	2022	2023	2024	2025	2022	2023	2024	2025	2022	2023	2024	2025
Biologi (tofagsmodell)	4	6	1	4	6	8	3	6	1	5	0	2
Engelsk	17	12	10	11	24	22	12	17	12	9	3	11
Filosofi (tofagsmodell)	6	4	2	1	9	6	4	4	4	3	4	3
Fransk	2	2	2	5	4	2	2	6	1	0	1	1
Fysikk (tofagsmodell)	5	1	0	3	9	3	5	4	1	0	2	1
Geofag (tofagsmodell)	0				1				0			
Historie	33	23	27	30	43	30	29	36	18	11	12	19
Kjemi (tofagsmodell)	3	3	5	0	5	6	5	1	1	3	3	0
Matematikk (tofagsmodell)	12	2	5	4	16	4	6	7	4	1	3	4
Naturfagkomb. (tofagsmodell)	0	2	1	0	6	9	5	2	2	5	2	2
Norsk	14	9	4	4	16	12	6	7	5	6	5	2
Norsk som andrespråk	3	1	1	3	5	1	2	4	1	0	1	1
Psykologi	23	16	16	26	29	23	18	29	7	7	3	8
Rel.vit. (tofagsmodell)	2	1	0	0	17	8	10	5	9	3	4	2
Samfunnskunnskap	39	24	32	43	50	38	44	56	11	9	13	15
Spansk	6	3	1	7	8	4	2	10	3	1	0	6
Tysk	3	2	3	5	4	3	3	6	1	0	2	3
Total	172	111	110	146	252	179	156	200	81	63(38)*	58(40)*	81(56)*
PPU - KMD												
Kunst og design - deltid	6	7	7	9	6	8	8	8	5	7	7	5
Kunst og design - heiltid	8	16	10	16	8	16	9	16	6	12	5	9
Musikk og komp. -deltid	9	21	3	8	9	20	4	9	3	15	3	7
Musikk og komp. -heiltid	15	7	13	11	15	7	12	10	2	3	7	6
Total	38	51	33	44	38	51	33	43	16	37	22	27
Profesjonsretta master i realfag med PPU				3				3				1

* PPU-tala inkluderer alle fag/søknadsalternativ dei har takka ja til = både eitt og to fag. Det reelle talet på registrerte studentar er 56 og står i parentes.

	Studieplassar på PPU			
	2022	2023	2024	2025
PF	143	112	91	70
KMD	31	31	31	31

Rekruttering

Studentambassadør

Lektorsenteret har fått etablert studentambassadør i 12 % stilling som ei fast ordning ved lektorsenteret. Studentambassadøren inngår i Kommunikasjonsavdelinga (KA) sitt team av studentambassadørar og får opplæring og oppfølging av KA. Karen Bauge har jobba som studentambassadør i perioden august 2024 – august 2025. Ho vart ferdig utdanna lektor i juni og Hedda Farestveit Berge overtok stillinga i august. Hedda går 2. året på lektorprogrammet i framandspråk, med engelsk som fag 1 og spansk som fag 2.

Samarbeid med fakulteta

I tillegg til samarbeidet med KA vert rekrutteringsarbeidet i lektorutdanninga gjennomført i dialog og samarbeid med fakulteta og delar av rekrutteringsmidlane vil kunne disponerast til tiltak som vert gjennomført i samarbeid mellom lektorsenteret og fakulteta. For 2026 har lektorsenteret eit rekrutteringsbudsjettet på kr 150 000.

Rekrutteringsperiode 2024/25

5LU

Sidan 2024 har det vert semje om å bruke studentambassadøren sin kunnskap og kompetanse inn i rekrutteringstiltaka, framfor eit rekrutteringsbyrå, og arbeidet føregår i all hovudsak på Instagram, Snapchat og TikTok.

For rekrutteringsperioden 2024/25 har studentambassadøren sitt arbeid retta fokus mot ulike tema, som bl.a. å dei ulike lektorprogramma og fagval, fordommar mot læraryrket og at lektor er det same som lærar. Dei to sistnemnde temaa var eit resultat av dei mange spørsmåla studentambassadøren fekk om nettopp dette.

Studentambassadøren har også delteke på studentmesser både i Førde, på Voss og på Studentsenteret. Messene er for vg3-elevar og er arrangert av UiB. I tillegg har studentambassadøren vert på skulebesøk til Metis, etter invitasjon frå skulen.

PPU

Det psykologiske fakultet (PF) hadde ikkje sett av midlar til rekruttering for 2024/25, og det er uklårt om det vert sett av midlar for 2025/26.

Med bakgrunn i ei tidlegare kartlegging som syner at dagens PPU-student i all hovudsak er studentar med master frå UiB, har rekrutteringsarbeidet for PPU vert mest lokalt retta.

Informasjonsmøte blir promotert via MittUiB, på infoskjermar og plakatar på kampus, via e-post og SoMe og på LinkedIn. Arbeidet blir gjort i samarbeid med både fakultet og KA. I samarbeid med fakultet har det også vert arrangert «take over» på sosiale media, og PPU har hatt stand på karrieredag på aktuelle fakultet.

Framover mot neste rekrutteringsperiode

Som tala ovanfor viser, er det ulike rekrutteringsutfordringar for ulike program og fag i lektorutdanninga. Det er primært lektorprogram med fordjuping i realfag, og "mindre" framandspråk som har rekrutteringsproblem, medan fag som historie og samfunnsfag ikkje har rekrutteringsutfordringar. Dette er ein tendens som òg kjem til uttrykk nasjonalt.

Det kan såleis vere aktuelt å ha eit særleg fokus på nokre fag eller program, inkl. PPU, i rekrutteringsarbeidet. Samtidig er det ei vurdering at det å gå ut breitt, er ein generell fordel.

Sak 38/25

**Opptak til fag 2 i ny modell og med nytt
fagtilbod**

Notat frå lektorsenteret

Orienteringssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga

Møte: 9. september 2025

elements: 25/71

Bakgrunn

03.12.24 vedtok styringsgruppa at *politikk og forvaltning* skulle innførast i den femårige lektorutdanninga ved UiB som fag 2 for lektorprogramma ved Det humanistiske fakultet, frå og med hausten 2025. Faget skulle ikkje kunne kombinerast med sosiologi som fag 1. I same møte vart det også vedteke ei prøveordning med kapasitetstak på 15 studentar for både *sosiologi* og *politikk og forvaltning*, som fag 2. Kapasitetstaket skal gjennomførast ved bruk av loddtrekning.

Fagval 2025

Det er studentar i den nye studiemodellen som får høve til å velje *politikk og forvaltning* som fag 2. Dei startar med fag 2 i tredje semester.

[Nettside for val av fag 2 i lektorutdanninga](#) vart publisert 16.juni og frist for velje fag 2 vart sett til 1. august.

Kapasitetstak på to av faga gjorde det nødvendig å flytte fagvalet til Studentweb, via vegval i studieplanen. Studentane skal velgje to moglege fag 2 i prioritert rekkefølge. Søknad om fagval blir handsama manuelt.

Alle studentane fekk førstevalet sitt. For *politikk og forvaltning* innebar dette tre studentar og seksten studentar for *sosiologi*. Det var altså ikkje behov for loddtrekking denne gongen. Det relativt låge talet på studentar som søkte *politikk og forvaltning* som fag 2 kan ha bakgrunn i at informasjonen om dette faget kom noko seint.

Fagval 2026

For lektorstudentar på 2025-kullet vert søknadsfrist for fagval 1.februar. Dette vil lette kollisjonssikringsarbeidet i timeplanlegginga og eksamensplanlegginga, fordi fakulteta kan kollisjonssikre berre for dei reelle fagkombinasjonane for kvart kull, framfor å kollisjonssikre for alle moglege kombinasjonar. For studentane vil dette gi betre kvalitet i studiekvardagen og betre koordinerte timeplanar og eksamensdatoar.

Sak 43/25

Rammeplanarbeidet: Svar frå FRL

Notat frå lektorsenteret

Orienteringssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga

Møte: 9. september 2025

elements: 25/71

Bakgrunn

Regjeringa sette for fire år sidan i gang eit arbeid for meir overordna styring av lærarutdanningane. Viktige bakgrunnsdokumenet var då «Lærerutdanning 2025», Styringsmeldinga (2021) og Hurdalsplattformen.

Den første fasen i arbeidet handla om å [forenkle eksisterande rammeplanar](#), med endringar i juni 2023. Den andre fasen var arbeidet i [ekspertgruppa om styring av rammeplanar](#), som leverte sluttrapport 1. juni 2024. Den tredje fasen er den vi er inne i no, og den handlar om felles rammeplan for lærarutdanningane.

Fagleg råd for lærarutdanning (FRLU) har fått oppdrag i å utarbeide framlegg til felles rammeplan, og kom 15. august med [svar på del 1 og 2 av oppdraget](#) dei fekk i den samanhengen.

Denne delen av oppdraget handlar om tre aspekt:

- [Svar på del 1 – Struktur for hoveddel, inndeling av underkapitler og mal for underkapitler](#)
- [Svar på del 2a og 2b – Utredning om regulering av innholdsformuleringer og utdanningsnivåer](#)
- [Svar på del 2c – Vurderinger om praksis](#)

FRLU følgjer i hovudsak tilrådingane frå ekspertgruppa sin rapport, og i tråd med den ønskjer rådet i større grad styring primært gjennom prinsipp, ikkje reglar, og at rammeplanen ikkje skal innehalde læringsutbytteformuleringar. Det skal vere UH-institusjonane sjølve som skal ha eineansvar for LUB-ane. Derimot ønskjer FRLU formulert overordna målformuleringer i rammeplanen. FRLU ønskjer at det skal vere ein paragraf i rammeplanen om nasjonale retningslinjer, at retningslinjene skal utviklast av utdanningsinstitusjonane i lag med representantar frå arbeidslivet, og dei ikkje skal forskriftsfestast, dvs. som no.

Struktur

I svaret sitt viser FRLU til at institusjonane skal kunne utvikle lærarutdanningar «i tråd med lokale behov», og på måtar som ikkje utan vidare svarar til dagens studieprogram. Bakgrunnen for dette er ønskemål frå UH-institusjonar som ønskjer meir samordning mellom studieprogram, særleg mellom ulike variantar av GLU. Det er derfor ikkje avklart korleis dei eventuelle nye lærarutdanningsprogramma vil sjå ut, og korleis dei skal regulerast.

Det skal lagast såkalla underkapittel for å regulere ulike typar lærarutdanningar. Sidan det skal bli større fleksibilitet i måtar å organisere lærarutdanning på, ser FRLU det som mest føremålstenlege å ta utgangspunkt i lovverket når ein skil mellom lærarutdanningar, slik at ein får underkapittel som spesifiserer ulike typar lærarutdanningar gjennom desse åtta underkapitla:

« Lærerutdanning for barnehage

« Lærerutdanning for trinn 1-4

« Lærerutdanning for trinn 5-7

« Lærerutdanning for trinn 8-10

« Lærerutdanning for trinn 11-13, videregående studieforberedende utdanningsprogram

og fellesfag i videregående opplæring

« Lærerutdanning for videregående fag- og yrkesopplæring

« Lærerutdanning for voksne i grunnopplæring

I eit studieprogram kan ein altså kombinere fleire av desse underkapitla. Det betyr at dei institusjonane som ønskjer å halde på eksisterande utdanningsprogram (t.d. GLU 1–7, GLU 5–12, lektor 8–13) vil måtte forhalde seg til fleire underkapittel.

Argumentasjonen for å gjere det på denne måten, er den nemne fleksibiliteten for UH-institusjonar. Utfordringa er at det kan bli vanskelegare å få oversikt over feltet: Kva slags utdanning er det ein faktisk skal søkje på når ein vil bli lærar/lektor?

I tillegg kjem FRLU med ei yttarlegare kategorisering i samanheng med at ein føreslår reglar for omfang av praksis.

- Integreerte masterutdanninger for lærere: 105 dagar
- Bachelorutdanninger for lærere: 100 dagar
- Lærerutdanning som minimum 60 studiepoeng påbygg til annan utdanning: 60 dagar

Lektorutdanning og GLU-utdanninger blir her kategorisert som same type utdanning, og som dermed skal få likt omfang praksis. For GLU blir det då fem færre praksisdagar, for lektorutdanning fem fleire.

Innhald

Rådet vil 15. oktober kome med framlegg til innhald i hovuddelen av rammeplanen. Så skal det i løpet av kort tid òg opprettast komiteer for utforming av ulike underkapittel.

I tillegg er der formulert nokre prinsipp for innhald og form for praksis. Det blir vidare vist til at nasjonale retningslinjer kan innehalde beskrivingar om ansvar for praksisopplæringa og innhald i praksisopplæringa.

Rammeplanarbeidet vidare

- FRLU skal gi svar på innhald i hovuddelen av rammeplanen 15. oktober [Rådets tidsplan – Arbeid med mer overordnet styring av lærerutdanningene](#)
- Det skal opprettast komitear for underkapittel

- På den nasjonale lektorutdanningskonferansen i november 2025 vil dette bli ei sak.
- KD vil sende framlegg til rammeplan på høyring før den blir fastsett
- Implementering skal skje hausten 2026

Vurdering

På mange måtar inneber framlegget ei forenkling av systemet, og meir tillit til UH-institusjonane, t.d. når det gjeld læringsutbytteformuleringar. Det er samtidig nokre problem ved framlegget:

Ei føring frå Kunnskapsdepartementet var at endringar av rammeplanen skulle føre til meir fleksibilitet og til at ingen måtte endre utdanningane. Dette bli ikkje tilfellet dersom lektorutdanninga skal få fem fleire praksisdagar. I den samanhengen må ein ta omsyn til at det ikkje nødvendigvis blir godkjent at GLU skal få færre praksisdagar enn 110 (som ein har i dag), og at lektorutdanninga såleis kan ende med endå fleire praksisdagar.

At lektorutdanninga og GLU skal undeleggjast dei same prinsippa har generelt fleire problematiske sider ved seg, og det er ei redsle for at lektorutdanninga då vil bli den tapande parten.

Ein kan vidare tenkje seg at nedbryting av tradisjonelle oppdelingsmåtar av lærarutdanningar kan gjere det endå vanskelegare for ungdom å orientere seg i dei ulike typane lærarutdanning.

Sak 44/25 Budsjettinnspel for 2026
Notat frå lektorsenteret

Orienteringssak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga

Møte: 9. september2025

elements: 25/71

20. august sende lektorsenteret budsjettinnspel for 2026 til avdelingsdirektøren ved Studieavdelinga. Budsjettinnspelet vil bli tatt med vidare i Studieavdelinga sitt budsjettarbeid.

Budsjettinnspelet er lagt ved i innkallinga, sjå vedlegg.

VEDLEGG:**BUDSJETTINSPEL FOR LEKTORSENTERET 2026****Bakgrunn**

Lektorutdanningen tildeles midler på to øremerkete poster under Studieavdelingens budsjett: Lektorsenteret og Praksis i PPU og lektorutdanning.

Budsjett for lektorsenteret og lektorutdanningen 2026

Det er lagt til grunn en lønns- og priskompensasjon på 3,4 %, jfr. foreløpige rammer for budsjett 2026 i universitetsstyret i 8. mai 2025.

Delprosjektnr.	Delprosjekt navn	Tildeling 2025	Budsjettbehov 2026	Merknad
103415100	Lektorsenteret	kr. 9 689 000	kr. 10 037 804	Videreføring av tildeling for 2025, justert med +3,4 %.
103663100	Praksis i lektorutdanning og PPU	kr. 8 657 000	Kr. 11 261 240	Justert med +3,4 % og økt med 2,1 mill knyttet til dobbel kostnad for langpraksis H26.

Planer for aktiviteter og tiltak i 2026

LEKTORSENTERET, DELPROSJEKT 103415100. Se tabell 1 under.

Lønnskostnader

Lønnskostnadene for fem administrative stillinger og to faglige stillinger er lagt inn i budsjettet.

De to faglige stillingene er ansatt ved hhv. HF og PS. Lektorsenterets budsjett dekker lønnskostnader for disse, ved internt overføring til de respektive fakultetene. Lønnsmidler for koordinatorstillingen tilknyttet tilskuddsordningen dekkes av boa-midler fra tilskuddsordningen.

Fra september 2025 ansettes to seniorrådgivere i faste 20 % partnerskapsstillinger ved lektorsenteret. Studentambassadør (12 % stilling) er også lagt inn i lønnsbudsjettet for 2026.

Midler til lærerutdanning og partnerskap med skolefeltet

Fra 2024 blir midler til partnerskap i lærerutdanningen tildelt UiB i den faste budsjetttrammen. I budsjettene for 2024 og 2025 ble denne tildelingen synliggjort på en egen post. Partnerskapsarbeidet i lektorutdanningen foregår imidlertid gjennom mange ulike tiltak, som den årlige lektorutdanningskonferansen ved UiB, koordinatorsamlinger for praksislærere, partnerstillinger, såkornmidler og ulike andre tiltak for å styrke praksis. I budsjettet for 2026 vil vi derfor fordele midlene på de postene der de disponeres.

Utvikling av kvalitet i praksis

Det settes av 750 000 til tiltak for utvikling av kvalitet i praksis. Tiltakene vil være knyttet til utvikling av veiledningsressurser for praksislærere, bl.a. utvikling av mikroemne for praksisveiledning, skolesamarbeid og utvikling av strukturer for universitetsskoleavtaler. Det vil bli utarbeidet nærmere planer for de ulike tiltakene.

Implementering av ny modell i lektorutdanningen

Ny modell av lektorutdanningen ble innført høsten 2024. Implementeringsfasen er dermed godt i gang, men strekker seg likevel frem til 2029. Vi ønsker å fortsatt sette av midler til oppfølging av redesign, men reduserer summen noe, basert på forventet behov.

Rekruttering

God studentrekruttering er en viktig prioritering for lektorutdanningen, og vi opprettholder budsjettet til rekrutteringstiltak, med en liten økning. Rekrutteringsarbeidet i lektorutdanningen gjennomføres i dialog og samarbeid med fakultetene og deler av midlene vil kunne disponeres til tiltak som gjennomføres i samarbeid mellom lektorsenteret og fakultetene. Annonsering i sosiale medier, utvikling av rekrutteringskampanjer (video, plakatkampanjer SoMe, reisemidler ved evt skolebesøk, er andre tiltak som vi vil jobbe med).

Vi har hatt gode resultater med ordningen med studentambassadør, som er etablert som en fast ordning ved lektorutdanningen. Studentambassadøren for lektorutdanningen inngår i Kommunikasjonsavdelingens team av studentambassadører og får opplæring, arbeidsledelse og kommunikasjonsfaglig oppfølging av KA. Rent budsjetteknisk overfører vi i 2026 lønnsmidlene for studentambassadøren til lønnsbudsjettet. Lønnsmidlene tilsvarer ca 65 000 per år. Dette forklarer at posten for rekruttering i budsjettet ser ut til å være redusert fra 200 000 til 150 000, men i realitetene får rekrutteringsmidlene en økning på ca. 15 000.

Arrangement og møteplasser

Å skape møteplasser i lektorutdanningen er en sentral målsetting for lektorsenteret og vi vil videreføre tiltak knyttet til dette også i 2026. Vi vil videreføre arbeid med bl.a. forskningsdagen, lektorlunsjer og ulike andre seminar og samlinger, som koordinatorsamling for praksiskoordinatorer ved samarbeidsskoler. Flere av arrangementene og møteplassene er viktige samarbeidsarenaer mellom UiB og skolen.

Gradsseremoni og årlig lektorutdanningskonferanse

Gradsseremonien koordineres av lektorsenteret, i tett samarbeid med de administrative koordinatorene på fakultetene, gjennom nettverk for lektorutdanningsadministrasjon (LUA).

Lektorutdanningskonferansen i februar hvert år koordineres av lektorsenteret i samarbeid med representanter fra studenter, fagmiljø og skolen.

Disse arrangementene har vært finansiert i fellesskap mellom fakultetene, da dette var en praktisk løsning gitt at UiBs lektorutdanning tidligere ble drevet uten en koordinerende enhet med eget budsjett og ansvar for fellesaktiviteter. I dagens organisering tildeles lektorutdanningen ved UiB budsjettmidler til koordinering og fellestiltak gjennom lektorsenteret. En sentral oppgave for lektorsenteret er arrangement og møteplasser for studenter og ansatte. Med varierende økonomiske utfordringer hos flere fakultet, foreslår vi at lektorsenterets budsjett nå dekker kostnadene for de to viktigste fellesarrangementene, som er gradsseremonien og lektorutdanningskonferansen. Det er ønskelig med en like vilkår for deltakelse i fellesarrangement for studenter og ansatte på tvers av lektorutdanningens mange miljø, og en felles finansiering vil bidra til dette.

Fra 2026 foreslår vi at lektorsenteret dekker kostnadene for begge disse arrangementene.

Interne transaksjoner

Dekning av indirekte kostnader kommer som en inntekt til lektorsenteret, pga. den eksternt finansierte stillingen knyttet til dekom. Inntekten er for 2026 beregnet å bli kr 232 650.

Lærernes dag

Lærernes dag videreføres som et fysisk arrangement, etter samme format som i 2025. Dagen avvikles med støtte fra eksternt eventbyrå og budsjetttildelingen brukes til å dekke utgiften til arrangementsstøtte og teknisk produksjon. Den faktiske kostnaden for arrangementet ligger i 2025 på rundt 650 000.

PRAKSISBUDSJETTET FOR PPU OG LEKTORUTDANNING, DELPROSJEKT 103663100. Se tabell 2 under.

2026 blir et utfordrende år i implementeringen av ny studiemodell for femårig lektorutdanning. På grunn av at første langpraksis flyttes et år frem i ny studiemodell, til femte semester, får vi et høstsemester der to kull er i langpraksis samtidig. Det gjelder kullet som startet i 2024 og kullet som startet i 2023. Dette innebærer dobbel kostnad for langpraksis høsten 2026.

Kostnad for langpraksis beregnes ut fra en dagsats (per 2026 ca kr 710) multiplisert med antall dager i praksisperioden (35). Hvert av de aktuelle kullene forventes å ha 120-125 studenter i praksis høsten 2026. Kostnadene per langpraksis per kull vil ligge på rundt 3,1 mill. kroner. Det vil med andre ord være behov for en forbigående økning i praksisbudsjettet for å dekke den økte kostnaden i 2026. Praksisbudsjettet hadde i 2024 et underforbruk på ca. en million, slik at det forventes å være tilstrekkelig å øke budsjetttrammen med 2,1 mill. i 2026 for å dekke kostnaden (i tillegg til +3,4 % lønns- og priskompensasjon).

Tabell 1: Budsjettinnspill delprosjekt lektorsenteret

	2 026
lektorsenteret 103415100	10 398 938
LØNN	LØNN
Sum lønn	6 956 322
DRIFT	DRIFT
Sum drift lektorsenter	1 132 272
Drift	155 100
Organisasjons- og kompetanseutvikling	90 000
Husleige	887 172
FELLESAKTIVITETER I LEKTORUTDANNINGEN	FELLESAKTIVITETER
Sum Fellesaktiviteter for lektorutdanningen	2 543 000
Fagutvalget for lektorutdanningen (FIL)	52 000
Lektorseremoni	121 000
Lektorutdanningskonferansen	390 000
Implementering av ny modell i lektorutdanningen	50 000
Konferanse og seminardeltagelse for styringsorganene	100 000
Rekruttering 5LU og PPU	150 000
Arrangement og møteplasser	230 000
Praksisutvalget	50 000
Lærernes dag	650 000
Kvalitet i praksis	750 000
INTERNE TRANSAKSJONER	INTERNE TRANSAKSJONER
Sum interne transaksjonar	-232 650
Indirekte kostnader decomp	-232 650

Tabell 2: Praksisbudsjett for PPU og lektorutdanning

Kommentar til tabell 2: Når vi summerer opp de forventede kostnadene for 2025 får vi et budsjettbehov på kr 8 857 311.

Tar man utgangspunkt i tildelingen fra 2024, tilsvarer dette omtrent 2,4 % vekst i forhold til budsjetttildelingen på praksisbudsjettet fra 2024.

	2025	2026	Kommentar
Sum Praksis i lektorutdanning og PPU	8 860 000	11 261 240	Økt behov knyttet til dobbel kostnad for langpraksis i implementering av ny studiemodell. Budsjettbehov 2026 = (2025-tildeling + 3,4 %) + 2,1 mill. i økte kostnader til langpraksis.

Sak 46/25 Høyringsak (KI og profesjonsutdanningar)
Notat frå lektorsenteret

Drøftingsak

Notat

Til: Felles programstyre for lektorutdanninga
Møte: 9. september 2025

elements: 25/71

Regjeringen har satt ned et nasjonalt utvalg om kunstig intelligens (KI) i høyere utdanning, som skal levere sin innstilling som en NOU innen 1. oktober 2026. Utvalget ledes av Anders Malthe-Sørenssen, og skal vurdere hvordan høyere utdanning blir påvirket av utviklingen av kunstig intelligente teknologier, og skal gi råd om hvordan læringsaktiviteter, eksamen, vurdering og læringsmål i høyere utdanningstilbud bør tilpasses vår nye teknologiske virkelighet, mv.

Utvalget har to medlemmer fra UiB: professor Barbara Wasson og professor Jan-Ove Færstad. Se gjerne nærmere informasjon om utvalget på utvalgets nettside: [Malthe-Sørenssen-utvalget](#)

UiB har mottatt to innspillsinvitasjoner fra utvalget:

- *Invitasjon til å gi innspill, med et spørsmålssett på 11 punkt om KI i høyere utdanning i generell forstand*
- *Invitasjon til innspill om kunstig intelligens og profesjonsutdanningene, med et spørsmålssett på 7 punkt om hvordan KI påvirker profesjonsutdanningene spesifikt.*

Lektorsenteret har bedt om innspill fra fakultetene (vedlagt, saksnummer 2025/7420), og planlagt å koordinere innspill som gjelder lektorutdanningen. Fakultetene er bedt om å sende innspill til lektorsenteret innen 20. september. Lektorsenteret vil da utarbeide et samlet innspill på vegne av lektorutdanningen, og oversende Studieavdelingen innen 2. oktober.

Vi ber også programstyret drøfte og foreslå moment som bør inngå i et innspill om KI i lektorutdanningen som profesjonsutdanning:

- *Hvilke kunnskaper og ferdigheter blir viktigere som følge av KI-utviklingen?*
- *Hvilke kunnskaper og ferdigheter blir mindre viktig som følge av KI-utviklingen?*
- *Hvilke følger har KI for profesjonene samlet sett? Hvilke forskjeller mellom profesjonene bør utvalget ta hensyn til?*
- *Hvilke fag- og profesjonsspesifikke KI-verktøy er i bruk i dag, og hvilke ser dere for dere å ta i bruk i fremtiden?*
- *Hvilke tilpasninger kan utdanningene gjøre for å ruste kandidater for et arbeidsliv i endring?*
- *Hvordan kan KI-verktøy fremme eller hemme læring i profesjonsutdanningene?*
- *Hvilke muligheter og utfordringer reiser KI for profesjonene i dag og i fremtiden?*

VEDLEGG:

Fakultet for naturvitenskap og teknologi
Det humanistiske fakultet
Det psykologiske fakultet
Det samfunnsvitenskapelige fakultet
Fakultet for kunst, musikk og design

Dato
19.08.2025

Referanse
2025/7420

Invitasjon til innspel om kunstig intelligens og lektorutdanninga ved UiB

Vi viser til brev frå Studieavdelinga datert 26.06.25, kor fakulteta blir bedne om å sende innspel om kunstig intelligens (KI) knytt til profesjonsutdanningane.

På bakgrunn av at lektorutdanninga ved UiB er spreidd mellom fleire fakultet ønskjer lektorsenteret (LS) å koordinere innspela for denne utdanninga. Lektorutdanninga ved UiB inkluderer dei femårige lektorprogramma (5LU) og praktisk-pedagogisk utdanning (PPU).

Innspela skal knytast til dei same spørsmåla det er referert til i brevet frå Studieavdelinga:

- *Hvilke kunnskaper og ferdigheter blir viktigere som følge av KI-utviklingen?*
- *Hvilke kunnskaper og ferdigheter blir mindre viktig som følge av KI-utviklingen?*
- *Hvilke følger har KI for profesjonene samlet sett? Hvilke forskjeller mellom profesjonene bør utvalget ta hensyn til?*
- *Hvilke fag- og profesjonsspesifikke KI-verktøy er i bruk i dag, og hvilke ser dere for dere å ta i bruk i fremtiden?*
- *Hvilke tilpasninger kan utdanningene gjøre for å ruste kandidater for et arbeidsliv i endring?*
- *Hvordan kan KI-verktøy fremme eller hemme læring i profesjonsutdanningene?*
- *Hvilke muligheter og utfordringer reiser KI for profesjonene i dag og i fremtiden?*

Intern prosess for KI i lektorutdanninga:

- Brev til fakulteta/institutta: 20. august
- Drøftingssak i programstyret: 9. sept.
- **Innspel frå fakulteta til LS innan: 20. september**
- Lektorsenteret sender innspel til intern frist for innspel: 2. oktober.

Med venleg helsing

Ranveig Lote
Seksjonsleiar

Aud Irene Mehammer
Programkoordinator